



# Vaksdal kommune

## Barnehage

### VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

#### § 1. EIGARTILHØVE

Vaksdal kommune eig og driv barn ehagen.

#### § 2. LOVERK

Barnehagen vert driven i samsvar med lov og forskrift om barnehagar, rammeplan for barnehagen, kommunale vedtak og årsplan for barn ehagen.

#### § 3. FØREMÅL

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetssjanser i nær forståing og samarbeid med barna sin heim (Lov om barnehager§ 1).

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd (Lov om barnehage§ 2).

#### § 4. FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Barnehagen skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (Lov om barnehager§ 4).

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet består av foreldre, tilsette i barnehagen og ein politisk representant slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar skal leggje viktige og relevante saker fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

#### § 5. ÅRSPLAN

Dei kommunale barnehagane i Vaksdal har felles årsplan. Denne vert fastsett i samarbeidsutvalet.

Årsplanen vert utarbeidd på grunnlag av rammeplan for barnehagen og kommunale vedtak.

#### § 6. OPPTAK/SØKNAD

Rett til plass i barnehage, Lov om barnehager§ 16:

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage seinast frå den månaden barnet fyller eitt år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett. Kommunen skal ha minimum eitt opptak i året. Søknadsfrist til opptaket vert fastsett av kommunen.

Ved søknad om opptak skal det nyttast elektronisk skjema via kommunen si heimeside. Ved søknad om prioritert opptak må vedlegg sendast med post.

Hovudopptaket er **1. mars** og skjer etter kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

Hovudopptaket gjeld tildeling av plass frå oppstart av nytt barnehageår i august og fram til skulepliktig alder eller til plassen vert sagt opp. Barnehagen vil i tillegg ha supplerande opptak ved

ledig kapasitet. Vaksdal kommunale barnehage har samordna opptak med private- og familiebarnehagar.

#### § 7. OPPTAKSKRITERIA

Barn busett i Vaksdal kommune vert prioriterte ved opptaket.

- a) Barn med nedsett funksjonsevne. Det skal ligge føre ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne (Lov om barnehage § 18).
- b) Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernteneste §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd.
- c) Fagleg skjønnsvurdering av alder, barn frå familiar der ein eller begge foreldra er framandspråklege, søsken, gruppesamansetjing eller barn av einsleg forsørgjar.

Opptakskriteria gjeld under føresetnad av at tilfredsstillande dokumentasjon ligg ved søknad..

Punkta a) og b) står i prioritert rekkefølge, dei andre gjer det ikkje.

#### § 8. OPNINGSTIDER

Barnehagen er open heile året. Dei ytre rammene for den daglege opningstida er frå kl. 06:45 – 17:00. Utifrå behovet i den einskilde barnehage og drøftingar i SU, fastset rådmann, etter råd frå styrar, den daglege opningstida i den einskilde barnehage.

Barnehagane registrerar frammøte som fast rutine. Barna har tilbod om plass i 12 månader.

Barnehagen er stengt helge- og høgtidsdagar, jul- og nyttårsaftan og 5 planleggingsdagar fastsett i skule- og barnehagerute. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12:00.

Det pedagogiske barnehageåret går frå medio august til medio juni.

#### § 9. FERIEAVVIKLING

Barna tek ut 4 veker ferie kvart barnehageår. Minst 3 av vekene takast ut i samanheng mellom 15. juni og 15. august. Den 4. veka takast ut gjerne i samband med jule- og påskeferie eller annan ferie. Dei tre siste vekene i juli, påskeveka (måndag-onsdag før skjærtorsdag) og romjulsdagane er berre ein barnehage open. Alle som har trong for barnehageplass i desse periodane får tilbod om plass i den opne barnehagen.

Sommarferie må som hovudregel meldast til styrar innan 30. mars. Annan ferie må avtalast minst to veker før ferie skal avviklast.

#### § 10. OPPSEIINGSTID

Barnehageplassen må seiast opp skriftleg med minst ein månads varsel. Sluttar barnet etter 1. mai kan det krevjast betaling for resten av barnehageåret.

#### § 11. BETALINGSSATSAR OG BETALINGSMÅTE

Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetaling, og desse gjeld som regel for eitt kalenderår i gongen. Betalingsfristen er den 20. i kvar månad forskotsvis. Foreldre betalar for 11 månader i året. Betaling for mat (lunsj og frukt) kjem i tillegg til foreldrebetalinga for barnehageplassen og vert krevd inn saman med den ordinære betalinga. Sats for matpengar vert fastsett av administrasjonen for eitt år om gongen og er basert på sjølvkost. Betaling vert krevd inn for alle barna i barnehagen med bakgrunn i storleik på plassen (i %).

Ved manglande betaling vil dette verta sett på som oppseiing av plassen. Dette blir vurdert i kvart einskild høve.

Kommunen har søskenmoderasjon og følgjer det nasjonale regelverket om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.

#### § 12. FRAMMØTE V/SJUKDOM

Styrar avgjer om eit barn på grunn av sjukdom ikkje kan/skal vere i barnehagen.

### § 13. FORVALTNING

Kommunen fører det lokale tilsynet med barnehagen (Lov om barnehager § 53).

### § 14. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Arealnorm for barnehagen er:

- 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år
- 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år

### § 15. HELSEERKLÆRING

Før eit barn begynner i barnehagen skal det framleggast helseerklæring (Lov om barnehager § 50 ). Dette er skjema som er godkjent av helsedirektoratet.

### § 16. INTERNKONTROLL

Barnehagen følgjer det same internkontrollsystemet for helse, miljø og tryggleik som til ei kvar tid er gjeldande for Vaksdal kommune sine arbeidsplassar.

### § 17. TEIEPLIKT

Dei tilsette har teieplikt vedrørande alle personopplysningar dei i kraft av stillinga si vert kjend med (Forvaltningsloven § 13 – 13f). Den som arbeider i barnehage skal legge fram tilfredsstillande politiattest (Lov om barnehager § 30). Barnehagetilsette har etter § 46 i Lov om barnehager opplysningsplikt til barnevernstenesta. Dette når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har synt vedvarande åtferdsvanskar.

### § 18. SAKSHANDSAMING FOR TILDELING AV BARNEHAGEPLASS

Foreldre med kommunal og privat barnehageplass har etter Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage (FOR-2008-10-17-1119) rett til grunngjeving dersom dei ikkje får tildelt plass etter første eller andre ønskje sitt jf. § 4, rett til innsyn jf. § 5, rett til å klaga jf. § 6 og klagefrist etter § 9.

### § 19. VEDTEKTSENDRINGAR

Vaksdal kommunestyre kan gjere endringar i vedtektene. Administrasjonen har fullmakt til å gjere endringar som fylgje av statlege pålegg.